

Til alle avgangselevar frå ungdomsskolane i Møre og Romsdal

Vidaregåande skole og PC-ordning skoleåret 2010/2011

I fylkeskommunen sine vidaregåande skolar er elevane pålagt å være utstyrt med berbar PC til bruk i undervisninga i ei rekkje fag. Elevane som startar på første året (vg1) har ei valfri ordning for å skaffe seg PC:

1. Ein berbar PC som vert utlevert til eleven ved skolestart
2. Eit eingongs tilskott til kjøp eller bruk av eigen PC

Alternativ 1

PC-en som eleven får utlevert ved skolestart er ein Lenovo ThinkPad Edge 13,3". Denne PC-en vil ha ei yting som gjer at ein kan nytta dei digitale læringsressursane som vert brukt i undervisninga og til dei mest vanlege fagapplikasjonane som skolane bruker.

Med PC-en følgjer ein service- og forsikringsordning som gjer at eleven er garantert fri service og forsikring dersom uhellet er ute.

For PC-en vil du som elev bli fakturert ein årleg eigendel frå fylkeskommunen, for skoleåret 2010/2011 på kr. 870, jf. elles § 19-6 i forskrifta til opplæringslova om fylkeskommunen sitt ansvar for utgifter til læremiddel og utstyr. Eleven får eit utstyrsstipend frå Statens lånekasse for å halde seg med utstyr, sjå www.lanekassen.no.

Vi viser elles til nettsida ungweb.no for ein nærare presentasjon av PC-en og PC-ordninga.

Dersom du vil at fylket held deg med PC som du får utlevert ved skolestart må du fylle ut registreringsskjemaet og sende det til fylkeskommunen **eller** registrere deg på ungweb.no.

Frist for registrering er 16.juli.

Alternativ 2

Dersom du held deg med PC sjølv eller vil kjøpe ein får du eit eingongstilskott frå fylkeskommunen. Dette tilskottet er kr. 2 330 og vil bli utbetalt om lag i midten av september. Det blir ikkje kravd eigendelar for bruk av eigen PC på skolen.

Dersom du held deg med PC sjølv kan du få råd frå skolen om minimumskrav til PC til bruk i skolen.

Når det gjeld PC-ordninga rår vi deg til å følgje med på **ungweb.no** og skolen sin heimeside for å halde deg informert.

Velkomen som elev til fylkeskommunen sine vidaregåande skolar.

Helsing
Per Hoem
Fylkesutdanningssjef

Registrering sendast til:

Møre og Romsdal fylkeskommune
Utdanningsavdelinga
6404 Molde

Eg ønskjer PC frå fylkeskommunen

Namn:.....

Personnummer:.....

Søkt skole:.....

Underskrift pårørande